



**DEN NORSKE KYRKJA**  
Sykkylven kyrkjelege fellesråd

**Protokoll frå fellesrådsmøte 19. november 2019**

Desse møtte: Torbjørn Støylen (leiar), Trygve Ebbesvik (nestleiar), Anne Karin Watters (kommunal repr.), Bjørg Djupvik Grebstad (1. vararepr.), Erlend Lunde (2. vararepr.) og Arild Sporsheim (kyrkjevevje).

Forfall: May Lisbeth Hovlid Aurdal, Irene Hørte Høibakk, Svein Runde (geistleg repr.) og Simen N. Myklebust (1. vararepr.).

Det nye fellesrådet tok formelt til etter F-sak 21/19, men var likevel med under behandlinga av dei andre sakene (18-21).

Desse møtte: Torbjørn Støylen, Ellen Brautaseth Vatne, Bergljot Hjortdal, Erlend Lunde (2. vararepr.), Bjørg Djupvik Grebstad (2. vararepr.) og Arild Sporsheim (kyrkjevevje).

Forfall: Birgitte S. Bonesmo (kommunal repr.), Odd Jostein Drotninghaug (1. vararepr.), Anita Vollstad (2. vararepr.), Svein Runde (geistleg repr.), Simen N. Myklebust (1. vararepr.) og Therese Kristin Utgård, May Lisbeth Hovlid Aurdal (1. vararepr.).

**F-sak 18/19 Godkjenning av innkalling og saksliste**

Vedtak:

Godkjent med merknad om å endre saksnamnet i F-sak 20/19 til Rekneskapsgjennomgang. Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

**F-sak 19/19 Protokoll frå fellesrådsmøte 3. september 2019**

Vedtak:

Godkjent utan merknad. Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.

**F-sak 20/19 Rekneskapsgjennomgang**

Fellessrådsleiaren og kyrkjevevjen orienterte om situasjonen pr. 31.10.2019 som samla sett viser eit meirforbruk på kr. 38 343,-.

Vedtak:

Tatt til vitande. Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.



## DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

### **F-sak 21/19 Honorar folkevalde**

Kyrkjeverjen orienterte om at berekningsgrunnlaget for dette har vore uendra sidan år 2011, i F-sak 6/11 den 15. februar 2011.

#### Vedtak:

Fellesrådet vedtok å justere satsane som regulerer utbetalinga av honorar til dei folkevalde.

#### *Soknerådsmedlemmane*

Møtehonorar på kr. 200,- pr. møte uavhengig av om du er fast medlem eller varamedlem. Satsen er sett med utgangspunkt i 10 ordinære soknerådsmøter i året. Dette blir til saman kr. 2000,- som blir eit maksbeløp for å ha deltatt på alle møta (sjølv om det blir fleire enn 10 møter). Leiaren får eit årstillegg på kr. 1500,- og nestleiar får eit årstillegg på kr. 750,-.

#### *Fellesrådsmedlemmane*

Møtehonorar på kr. 500 pr. møte uavhengig av om du er medlem eller varamedlem. Satsen er sett med utgangspunkt i 4 ordinære fellesrådsmøter i året. Dette blir til saman kr. 2000,- som blir eit maksbeløp for å ha deltatt på alle møta (sjølv om det blir fleire enn 4 møter). Leiaren får eit årstillegg på kr. 1500,- og nestleiar får eit årstillegg på kr. 750,-.

*Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.*

### **F-sak 22/19 Konstituering**

Val av leiar og nestleiar.

Skriftleg val jf. *Reglar om formene for menighetsråd og kirkelig fellesråds virksomhet §1* ([www.lovdato.no](http://www.lovdato.no)).

#### Vedtak:

1. Val av leiar: Av 5 røyster gjekk alle 5 til Torbjørn Støylen.
2. Val av nestleiar: Av 5 stemmer gjekk alle 5 til Ellen Brautaseth Vatne.

### **F-sak 23/19 Val av administrasjonsutval**

#### Vedtak:

Leiar, nestleiar og prosten Dette saman med arbeidstakarrepresentant og kyrkjeverjen.  
*Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.*

### **F-sak 24/19 Val av økonomiutval**

#### Vedtak:

Leiar og nestleiar. Dette saman med kyrkjeverjen.  
*Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.*



## DEN NORSKE KYRKJA

Sykkylven kyrkjelege fellesråd

### F-sak 25/19 Val av gravplassutval

#### Vedtak:

Bergljot Hjortdal og Therese Kristin Utgård. Dette saman med kyrkjeverjen.

*Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.*

### F-sak 26/19 Auka stilling til kontorsekretær

Kyrkjeverjen og fellesrådsleiaren orienterte om saka.

#### Vedtak:

Sykkylven kyrkjelege fellesråd ser behovet for dette, men må å sjå dette i lys av rammetilskotet for 2020. Saka vert difor tatt opp igjen på neste fellesrådsmøte i februar 2020.

*Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.*

### F-sak 27/19 Møteplan for år 2020

Kyrkjeverjen orienterte om at det i meir enn 10 år har vore 4 ordinære fellesrådsmøter i året og at desse har vore lagt til tysdagar kl. 14:15.

#### Vedtak:

Torsdagar er i utgangspunktet ein betre dag og neste møte vert difor torsdag 27.02.2020.

Etter dette vert det kanskje den 16. april, men kyrkjeverjer bes undersøke dette nærare med den kommunale representanten og med grunnlag i dette kome med nye forslag.

*Vedtaket var einstemmig, 5 røyster for.*

### Orienteringssaker:

- Ferdigstilling av storkjøkkenet i Ikornnes kyrkje
- Referat frå leiarsamtale,
- Klatretårn i kyrkjeparken
- Bemanningssituasjonen
- Minnelund

**Neste møte:** Torsdag 27.02.2020 kl. 14:15.

#### **Ref.:**

Arild Sporsheim  
Kyrkjeverje / Dagleg leiar

Sign.:

Leiar

Sign.:

Nestleiar

**Postadresse:**  
Kyrkjevegen 24  
6230 Sykkylven

**Besøksadresse:**  
Kyrkjekontoret  
Kyrkjevegen 24  
6230 Sykkylven

Tlf.: 70 24 69 00 / 996 29 130  
E-post: [post@sykkylven.kyrkja](mailto:post@sykkylven.kyrkja) / [kyrkjeverje@sykkylven.kyrkja](mailto:kyrkjeverje@sykkylven.kyrkja)  
Heimeside: [www.sykkylven.kyrkja.no](http://www.sykkylven.kyrkja.no)  
Org. nr.: 976997298 Kontonr.: 4045.30.34315